



### Om vårens kartleggingsprøver

Våren 2015 skal skolane gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøver på 1., 2. og 3. trinn. Utdanningsdirektoratet tilbyr også frivillige kartleggingsprøver på 1., 3. og 4. trinn. I år er det også tilbod om nye frivillige kartleggingsprøver i engelsk for 3. trinn.

### Obligatoriske kartleggingsprøver

Det er obligatoriske kartleggingsprøver i:

- Lesing på 1., 2. og 3. trinn
- Rekning på 2. trinn

Alle elevane skal ta dei obligatoriske kartleggingsprøvene. Elevar som er borte frå skolen på prøvedagen, skal gjennomføre prøva seinare.

Det er eigne fritaksreglar for kartleggingsprøver. Sjølv om ein elev oppfyller vilkåra for fritak, kan eleven sjølv eller foreldra likevel avgjere at eleven skal gjennomføre prøva.

### Frivillige kartleggingsprøver

I tillegg til dei obligatoriske kartleggingsprøvene tilbyr Utdanningsdirektoratet frivillige kartleggingsprøver. Dersom skolen eller skoleeigaren vel å gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, skal alle elevane på det aktuelle trinnet ta prøva.

Det er tilbod om frivillige kartleggingsprøver i:

- Rekning på 1. og 3. trinn
- Engelsk på 3. trinn
- Digitale ferdigheiter på 4. trinn

### Informasjon om prøvene

Kartleggingsprøvene skal brukast av skolen og lærarane til å finne dei elevane som treng ekstra hjelp i løpet av dei første skoleåra. Dei fleste elevane vil få til dei fleste oppgåvene, og mange vil oppleve prøva som lett. Prøva vil derfor ikkje gi informasjon om elevar med gode ferdigheiter.

Prøvene er ikkje prøver i faga, men i grunnleggjande ferdigheter på tvers av faga. I læreplanane er dei grunnleggjande ferdigheitene definerte som:

- munnlege ferdigheiter
- å kunne lese
- å kunne skrive
- å kunne rekne
- digitale ferdigheiter

Eksempel på oppgåver i rekning kan vere å telje, sortere tal etter storleik, fullføre talrekkjer og rekne med pluss og minus. I lesing kan det til dømes handle om å skrive bokstavar, lese ord og lese setningar. Oppgåvene i prøva i digitale ferdigheiter fokuserer på å tileigne og behandle, produsere og bearbeide, kommunisere og digital dømmekraft. Oppgåvene i engelskprøva fokuserer på å kjenne att og forstå kjende og daglegdagse ord og uttrykk, munnleg eller skriftleg. Prøva består av to delar, ein lyttedel og ein lesedel. Elevane må bruke hovudtelefonar under lyttedelen.

### Resultata og oppfølging

Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet eller brukast til å samanlikne skolar, kommunar eller fylke.

Resultata skal først og fremst brukast internt på skolane til å leggje til rette undervisninga slik at dei elevane som treng det, kan få ekstra rettleiing og støtte. Det er utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarane som beskriv korleis resultata kan følgjast opp.

Dersom resultata frå gjennomføringa viser at ein elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldra få tilbake melding om prøveresultata og bli informerte om kva for tiltak som skal setjast i verk. Foreldra kan kontakte skolen dersom dei har spørsmål.

### Meir informasjon

Meir informasjon om kartleggingsprøvene finn du på <http://www.udir.no/Vurdering/Kartlegging-gs/>

Læreplanverket for Kunnskapsløftet finn du på <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/>

## Oversikt over kartleggingsprøver våren 2015

Trinn	Prøve	Obligatorisk/frivillig	Tidspunkt
1. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
2. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
3. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
1. trinn	Rekning	Frivillig	13. april - 30. april
2. trinn	Rekning	Obligatorisk	13. april - 30. april
3. trinn	Rekning	Frivillig	13. april - 30. april
3. trinn	Engelsk (elektronisk)	Frivillig	2. mars til 20. mars
4. trinn	Digitale ferdigheiter (elektronisk)	Frivillig	2. mars til 20. mars

### Om vårens kartleggingsprøver

Våren 2015 skal skolene gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøver på 1., 2. og 3. trinn. Utdanningsdirektoratet tilbyr også frivillige kartleggingsprøver på 1., 3. og 4. trinn. I år tilbys i tillegg nye frivillige kartleggingsprøver i engelsk for 3. trinn.

### Obligatoriske kartleggingsprøver

Det er obligatoriske kartleggingsprøver i:

- Lesing på 1., 2. og 3. trinn
- Regning på 2. trinn

Alle elevene skal ta de obligatoriske kartleggingsprøvene. Elever som er borte fra skolen på prøvedagen, skal gjennomføre prøven senere.

Det er egne fritaksregler for kartleggingsprøver. Selv om en elev oppfyller vilkårene for fritak, kan eleven selv eller foreldrene likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøven.

### Frivillige kartleggingsprøver

I tillegg til de obligatoriske kartleggingsprøvene tilbyr Utdanningsdirektoratet frivillige kartleggingsprøver. Hvis skolen eller skoleeier velger å gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, skal alle elevene på det aktuelle trinnet ta prøven.

Det er tilbud om frivillige kartleggingsprøver i:

- Regning på 1. og 3. trinn
- Engelsk på 3. trinn
- Digitale ferdigheter på 4. trinn

### Informasjon om prøvene

Kartleggingsprøvene skal brukes av skolen og lærerne til å finne de elevene som trenger ekstra hjelp i løpet av de første skoleårene. De fleste elevene vil få til de fleste oppgavene, og mange vil oppleve prøven som lett. Prøven gir altså ikke informasjon om elever med gode ferdigheter.

Kartleggingsprøvene er ikke prøver i fag, men i grunnleggende ferdigheter på tvers av fagene. I læreplanene er de grunnleggende ferdighetene definert som:

- muntlige ferdigheter
- å kunne lese
- å kunne skrive
- å kunne regne
- digitale ferdigheter

Eksempler på oppgaver i regning kan være å telle, sortere tall etter størrelse, fullføre tallrekker og regne med pluss og minus. I lesing kan det for eksempel handle om å skrive bokstaver, lese ord og lese setninger. Oppgavene i prøven i digitale ferdigheter fokuserer på å tilegne og behandle, produsere og bearbeide, kommunisere og digital dømmekraft. Oppgavene i engelskprøven fokuserer på å gjenkjenne og forstå kjente og dagligdagse ord og uttrykk, muntlig eller skriftlig. Prøven består av to deler, en lyttedel og en lesedel. Elevene må bruke hodetelefoner under lyttedelen.

### Resultater og oppfølging

Resultatene skal ikke rapporteres til Utdanningsdirektoratet eller brukes til å sammenligne skoler, kommuner eller fylker.

Resultatene skal først og fremst brukes internt på skolene til å tilrettelegge undervisningen slik at de elevene som trenger det, kan få ekstra veiledning og støtte. Det er utarbeidet veiledningsmaterieell til lærerne som beskriver hvordan resultatene kan følges opp.

Hvis resultatene fra gjennomføringen viser at en elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldrene få tilbakemelding om prøveresultatene og bli informert om hvilke tiltak som skal iverksettes. Foreldrene kan kontakte skolen dersom de har spørsmål.

### Mer informasjon

Mer informasjon om kartleggingsprøvene finner du på <http://www.udir.no/Vurdering/Kartlegging-gs/>

Læreplanverket for Kunnskapsløftet finner du på <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/>

## Oversikt over kartleggingsprøver våren 2015

Trinn	Prøve	Obligatorisk/frivillig	Tidspunkt
1. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
2. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
3. trinn	Lesing	Obligatorisk	13. april - 30. april
1. trinn	Regning	Frivillig	13. april - 30. april
2. trinn	Regning	Obligatorisk	13. april - 30. april
3. trinn	Regning	Frivillig	13. april - 30. april
3. trinn	Engelsk (elektronisk)	Frivillig	2. mars til 20. mars
4. trinn	Digitale ferdigheter (elektronisk)	Frivillig	2. mars til 20. mars

Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)